



# DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

## Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd  
Ål, Møte 18.8.2026

Møtestart: Kl 18.30 Torpo kyrkje  
Møteslutt: Kl 19.45

### Til stade:

Medlemmer: Liv A. Solberg (Leveld), Inger Haug (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Camilla Osnes (prost).

Varamedlem:

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Liv Torunn Gullstein Torpe (komm.repr).

### SAKSLISTE:

FR-sak 29/26: Godkjenning av referat frå møtet 16.6.26 og innkalling 18.8.26

FR-sak 30/26: Godkjenning gravplassvedtekter etter høyring

FR-sak 31/26: Økonomisk halvårsrapport 2026

FR-sak 32/26: Budsjett 2027

FR-sak 33/26: Revidert rekneskap 2025 – godkjenne revidert årsavslutning

FR-sak 34/26: Lønsforhandlingar og justering

FR-sak 35/26: Søknad Kirkebevaringsfondet Torpo kyrkje

FR-sak 36/26: Orienteringssaker

FR-sak 37/26: Personalsituasjonen – oppdatering

Anne Kjersti Frøyen  
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre  
Kyrkjeverje

### FR-sak 29/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 16.6.26 OG MØTEINNKALLING 18.8.26

### Saksdokument:

[Protokoll Ål kyrkjelege fellesråd 16.6.26.pdf](#)

### Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 16.6.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 18.8.2026 er lagt fram for godkjenning.

### Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026

#### VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 16.6.2026.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 18.8.2026.

## FR-sak 30/26: GODKJENNING GRAVPLASSVEDTEKTER ETTER HØYRING

### Saksdokument:

[Høyring nye gravplassvedtekter](#)

### Saksopplysningar:

Vedtektene har vore ute på offentlig høyring med frist 9. juli 2026. Det kom inn tre svar, derav berre eitt var ein direkte respons på innhaldet. Etter høyringa må fellesrådet gjere nytt vedtak, deretter skal Statsforvaltar godkjenne vedtektene, før Lovdata gjev ein siste respons før vedtektene kan publiserast og effektuerast.

Den innhaldsmessige responsen var eit godt innspel om ordlyden i §8 og kyrkjeverja anbefaler at me endrar ordlyden slik foreslått:

«Det er høve til å tenne lys og oljelampe på grava, så lenge ein er varsam med tanke på brannfare.

Lysa skal vere festa eller plassert i ei lukka lanterne som fuglar ikkje klarer å handtere. Lause talglykter er forbode. (...)»

### Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026

#### VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner gravplassvedtektene som framlagt med endra ordlyd i §8 om lys på grava. Kyrkjeverja bes om å sende vedtektene vidare til godkjenning hos Statsforvaltar og Lovdata.

## FR-sak 31/26: ØKONOMISK HALVÅRSRAPPORT 2026

### Saksdokument:

Budsjettutkast 2027 ÅKF inkl. foreløpig rekneskap 2026

### Saksopplysningar:

Rekneskapet hittil i 2026 viser at me er i tråd med budsjetttrammene. Det er per 12. august lite som tilseier eit meirforbruk i 2026.

Nokre punkt til orientering:

- 10100 Fastløn: 49% (jan-juli) mot forventa 54%. (Vakanse og sjukemelding)
- 10200 Vikarløn verkar høg, men har sin forklaring i vikarar grunna sjukemelding og vakanse.
- Me har gjort tre nødvendige innkjøp som ikkje var budsjetterte (kjøkkenskap kyrkjestugu, maskinhengar til gravaren, grasklyppar)
- 11200 verkar høg – det meste handlar om blomar og gravstell (kun sommar)
- 11300 verkar høg – fangar opp kyrkjebladet-distribusjon
- 11900 konfirmanntur til Voss – heng saman med 11703 som er under budsjett
- 16300 festeavgifter kjem inn mest på hausten. Skrus ned i 2027 grunna 5-års festeperioder.

### Investeringsbudsjett 2026:

Fellesrådet fekk innvilga 3 millionar til investeringsbudsjett 2026. I tråd med tidlegare handsaming og investeringsbehov brukast midlane til måling av Leveld kyrkje, måling av deler av Ål kyrkje, avløp Leveld kyrkje, lys til Ål kyrkje, samt eventuelle kostnader knytt til fagvurdering på taket i Leveld kyrkje, samt universell utforming inngangsparti Torpo kyrkje. Dei midlane som eventuelt står att etter 2026 vil bli brukt i 2027, fortrinnsvis i Torpo kyrkje som sårt treng skraping og måling.

### Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026

#### VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd takker for orienteringa.

## **FR-sak 32/26: BUDSJETT 2027**

### **Saksdokument:**

Vedlagt fyrsteutkast budsjett 2027 (same vedlegg som FR-sak 31/26).

### **Saksopplysningar:**

Kyrkjeverja har utarbeida eit fyrsteutkast budsjett 2027.

Rekneskapet for 2025 viste eit mindreforbruk på kr 515,731 som hadde si forklaring i vakanse og sjukemelding. 2026-resultatet ser også ut til å halde budsjetttramma, dels grunna vakanse og sjukemelding. Me reknar med full bemanning i 2027, noko som tilseier eit budsjettframlegg tilsvarande 2026, men med noko justering/auke etter lønsforhandlingane. Art 16300 (inkl. festeavgift) har eit anslag på 400,000, men treng meir kalkulering for å anslå utslaget på endra festeperioder til 5 år. Kyrkjeverja legg opp til ei nøktern auke på 2,9% samanlikna med 2026-budsjettet.

### **Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026**

#### **VEDTAK :**

Ål Kyrkjelege Fellesråd støtter framlagt budsjettutkastet 2027 og ber kyrkjeverja halde fram dialogen med kommunen.

## **FR-sak 33/26: REVIDERT REKNESKAP 2025 TIL GODKJENNING**

### **Saksdokument:**

Vedlagt årsregnskap med noter 2025

### **Saksopplysningar:**

Rekneskapsavdelingen har no gjort korrigeringsane for Ål kyrkjelege fellesråd som nemnt i FR-sak 25/26 og tatt høgde for innspel frå revisjonen. Vedlagt er ny oversikt over fond, og med alle 3 diakonikontoene inkludert.

Meirforbruket i 2024 er dekt inn av tilskotet gjeve fra Ål kommune.

Alt dette gjev nytt resultat med mindreforbruk i 2025 på kr 515.731,57,-

### **Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026**

#### **VEDTAK :**

Ål Kyrkjelege Fellesråd takker for oppdateringa og godkjenner revidert rekneskap 2025 som framlagt med eit mindreforbruk i 2025 på kroner 515.731,57 som plasserast på disposisjonsfond.

## **FR-sak 34/26: LØNSFORHANDLINGAR OG JUSTERING**

### **Saksdokument:**

Vedlagt rundskriv 03/2026 og 05/2026 om lønsforhandlingar.

### **Saksopplysningar:**

Lønssoppgjøret for Den norske kyrkja vart fullført 12. juni 2026 med ei ramme på 4,4% i tråd med frontfaget. Ein prosent er sett av til lokale forhandlingar med frist 31. oktober 2026.

Det er gjeve ulike sentrale lønnstillegg for tilsette i kyrkjelege fellesråd. For tilsette som er plassert i kapittel 4 pkt. 4.6 i lønnsgruppe 1-5 gis eit kronetillegg avhengig av lønnsgruppe og ansiennitet til den enkelte tilsette etter tabellen, med effekt frå 1. mai 2026.

Lønnsoppgjøret for arbeidstakere i kapittel 3.4 (ledere) eks. kirkeverger, skal gjennomføres etter Hovedtariffavtalens bestemmelser om dette. Fastsetting av lønn for arbeidstakere i disse stillingene foregår normalt årlig, og i sin helhet lokalt i den enkelte verksemd. Bestemmelsen er foreslått endret slik at vurdering av lederlønninger ikkje berre kan, men skal foretas ein gong i året.

Det er avsatt 1% (av utbetalt grunnlønn i 2025) til lokale forhandlinger etter HTA kap. 4, pkt. 4.1. med virkning fra 1. oktober 2026. Forhandlingane skal gjennomførast innan 31. oktober 2026.

#### **Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026**

##### **VEDTAK :**

Ål Kyrkjelege Fellesråd takker for oppdateringa. Lønsskontoret er allereie i ferd med å implementere lønnsjusteringa frå 1. mai 2026 for tilsette i fellesrådet i tråd med rundskrivet.

Ål Kyrkjelege Fellesråd ber fellesrådsleiar og kyrkjevevja og tillitsvalgt om å førebu og gjennomføre lokale forhandlingar til implementering innan 1. oktober. Tilsette kan fremje eventuell synspunkt eller krav innan 22. september.

Ål Kyrkjelege Fellesråd ber fellesrådsleiar om å ta ansvar for vurdering av lønnsoppgjer for kyrkjevevja innan oktober-møtet.

#### **FR-sak 35/26: SØKNAD KIRKEBEVARINGSFONDET TORPO KYRKJE**

##### **Saksdokument:**

[Tilskot til overordna forprosjekt for kulturhistorisk verdfulle kyrkjer - Riksantikvaren](#)

##### **Saksopplysningar:**

Kyrkjevevja anbefalar å søke om overordna forprosjekt til Torpo kyrkje. Kyrkja er listeført og har høve til å søke, og fristen er sett til 2. november 2026. Søknaden inneber ein del forarbeid, og viss me får innvilga stønad så vil det innebere eit grundig arbeid i 2027.

Eit overordna forprosjekt skal resultere i ein rapport som gjev ein samla oversikt over skader, behov og manglar ved kyrkjas eksteriør, interiør og inventar. Hensikten er å innhente kunnskap og legge grunnlaget for særskilt forprosjekt og hovudprosjekt. Det er fleire krav til kva eit overordna forprosjekt skal innehalde for at kyrkja seinare skal kunne kvalifisere for tilskot til særskilt forprosjekt eller hovudprosjekt.

Dersom det nylig er gjennomført eller igangsatt dokumentasjonsarbeid, kan kostnader til nødvendige tilleggsundersøkelser dekkes for å oppfylle kravene til godkjenning.

Når forprosjektet er ferdig og godkjent, kan resultatene brukast som grunnlag for særskilt forprosjekt og hovudprosjekt. Kostnadene for godkjente forprosjekter dekkes i sin helhet. Det er programstyret som godkjenner prosjektene.

Ein søknad om overordna forprosjekt krev intensjonserklæring frå kommunen om finansiering av eigenandel i eit framtidig hovudprosjekt.

#### **Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026**

##### **VEDTAK :**

Ål Kyrkjelege Fellesråd vedtek å søke Kirkebevaringsfondet om overordna forprosjekt Torpo kyrkje innan fristen 2. november 2026.

#### **FR-sak 30/26: ORIENTERINGSSAKER**

##### **Saksframlegg:**

a) Kyrkjevevja er påmeldt Kirkelederkonferansen 2026 på Gardermoen 2.-4. november

b) Me inngår avtale og mogelegheit for å kunne huke av for skattefradrag på kollekt gjeve med Vipps. Kirkerådet inngått avtale med Solidus CRM på vegne av DnK. Me opnar også for å registrere seg som fast gjevar via nettsidene.

c) Fellesrådet har motteke høyringsinvitasjon angående godkjenning av plan for nydyrking rett ved Leveld kyrkje. AU har bedt kyrkjevevja om å sørge for ein respons på høyringa.

d) Oppdatering investeringsarbeid 2026:

- Målearbeidet på Leveld kyrkje har gått etter planen og er truleg ferdig innan fellesrådsmøtet (sjå bilete).
- Målearbeidet på Ål kyrkje er i gong (sjå bilete). Frontfasaden, tårnet og sørsida skal målast.
- Me har motteke to aktuelle tilbod for lyssetting til Ål kyrkje.
- Avløpstilkopling Leveld kyrkje: Me har motteke fyrste tilbod og har plan om å kome i hamn i haust.

**Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026:**

**VEDTAK:**

Fellesrådet takker for orienteringane.



## **FR-sak 33/26: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING**

### **Saksframlegg:**

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten orienterer om prestesituasjonen.

Kyrkjevevja vil orientere om all anna stab ved kyrkjekontoret.

- Prostdag 8. oktober for kyrkjelege tilsette
- Sjukemeldingar
- Vernerunde skal gjennomførast
- Sommarhjelp: 2 til heile sommaren, 3 ungdommar til ekstradagar. Innafor budsjetttrammene.

**Ål kyrkjelege fellesråd i møte 18.8.2026:**

**VEDTAK:**

Fellesrådet takker for orienteringa.

*Neste møte: 13. oktober 2026*